


# 17. mai Ørskog 2025

NORA 5B



Pris kr 60,- VIPPS #511447

# *Program for dagen - Sjøholt*

**Kl. 07.00 Salutt**

**Kl. 10.00 Gudstjeneste i Ørskog kyrkje**

**Kl. 10.45 Talar ved minnesmerka:**

Tale og blomar ved minnesmerket over dei omkomne under 2. verdskrig:  
Benjamin og Christopher.

ØSS'n spelar «Ja, vi elsker dette landet».

Tale ved eidsvollmannen Elling O. Valbøe: Tuva og Leja. Aria legg ned krans.  
ØSS'n spelar «Gud signe vårt dyre fedreland».

**Kl. 11.15 Oppstilling av toget ved Ørskog kyrkje**

Flaggborg v/konfirmantar

Årøyhaugen barnehage

Lande FUS barnehage

Ørskog skulekorps

Ørskog skule

ØSS'n

Lag og organisasjonar

Andre

**Kl. 11.30 Toget går**

Frå kyrkja, opp bjørkealleen, over Steinholtbrua og ned til Aakvik-krysset.

Vidare til Ørskog omsorgssenter (korpset spelar), ned til Steinholt busenter (korpset spelar) før toget går vidare ned hovudvegen til Ørskog kulturhus.

Tale utanfor Ørskog kulturhus ved minnesmerket over dei som deltok aktivt under 2. verdskrig: Emil og Sindre. Sara legg ned blomar.

**Kl. 12.00 Sal av mat og drikke på Ørskog kulturhus**

Sal av rømmegraut, hamburgar, pølser/brød, kaker, kaffi, is og brus osv.

**Kl. 13.15 Leikar for born ute**

**Kl. 14.00 Programmet startar på Ørskog kulturhus**

Velkommen ved 8. klasse – programleiarar Ronja og Julian

ØSS'n spelar

Allsong «Ja, vi elsker dette landet»

Tale av 8. trinn: Olivia, Elvira og Linnea Liselle

Song av Elvira og Jenny med band; Sindre, Marcus, Julian og Eriam

Dialog mellom Leah og pappa Ole Lukkedal ikring oldefar Ole Lukkedal si historie frå 2. verdskrig

Allsong «Song til Ørskog»

Tale for dagen v/Lars Tore Nerbøvik;

nyleg pensionert fastlege etter 38 år på Ørskog legekontor

Fellesnummer av 8. trinn

Utdeling av vandrepokal «Beste klasserop»

Allsong «Gud signe vårt dyre fedreland»

**Kl. 17.30 Ørskog kino, «Vaiana 2», gratis inngang (6 år, ingen grense med vaksen)**

Sal av popcorn og brus

# *Program for dagen - Skarbø og Vaksvik krins*

**Kl. 14.00 Samlast vi til feiring på Skarbø skule**

Det blir lett underhaldning.

Det blir sal av lapskaus, kake og kaffi.

Enkel kiosk og leikar for borna på skuleplassen.

## **Ja, vi elsker dette landet**

1.

Ja, vi elsker dette landet,  
som det stiger frem  
furet, værbitt over vannet,  
med de tusen hjem.  
Elsker, elsker det og tenker  
på vår far og mor  
og den saganatt, som senker  
drømme på vår jord.

7.

Norske mann i hus og hytte,  
takk din store Gud!  
Landet ville han beskytte,  
skjønt det mørkt så ut.  
Alt hva fedrene har kjempet,  
mødrene har grett,  
har den Herre stille lempet  
så vi vant vår rett.

8.

Ja, vi elsker dette landet  
som det stiger frem  
furet, værbitt over vannet  
med de tusen hjem.  
Og som fedres kamp har hevet  
det av nød til seir,  
også vi, når det blir krevet,  
for dets fred slår leir.

## **Song til Ørskog**

Bygda der vegane møtast  
på ferd mellom fjell og fjord.  
Her våre fedre sette sin fot,  
bygde seg heim, slo rot.  
Ørskog, Ørskog, for deg er det gryande dag.  
Og her kan ein framtida sikre,  
ansvaret ber oss i lag.

Minner frå heimbygd og barndom,  
dei i våre hjerter bor.  
Der skal det evig bløma og gro,  
eldast i fred og ro.  
Heimbygd, heimbygd,  
med bakkar og grøderik jord,  
og mellom dei steinkledte strender,  
vaka der fisk utpå fjord.

Kyrkja vår ligg der på odden,  
så fredfylt i grønkledd skog.  
Her kviler fedre løynd under stein,  
signa kvar einaste ein.  
Fredfylt, fredfylt, no kviler dei kvinner og menn,  
som skapte vår velstand og fridom,  
signa kvar einaste ein.

Stolt kan vi verne om arven,  
slå ring kring dei vakre små.  
Hjelsam og grei mot farande gjest,  
tener oss alle best.  
Ørskog, Ørskog, for deg er det gryande dag,  
og her kan ein framtida sikra,  
ansvaret ber oss i lag.

## **Gud signe vårt dyre fedreland**

Gud signe vårt dyre fedreland  
og lat det som hagen bløma.  
Lat lysa din fred frå fjell til strand  
og vetter for vårsol røma.  
Lat folket som brøder saman bu,  
som kristne det kan seg søma.

Og Noreg det ligg vel langt mot nord,  
og vetteren varer lenge;  
men ljoset og livet i ditt ord  
det ingen kan setja stenge.  
Om fjellet er høgt og dalen trong,  
ditt ord heve då sitt gjenge.

No er det i Noreg etter dag  
med vårsol og song i skogen.  
Om sædet enn gror på ymist lag,  
det brydder då etter plogen.  
Så signe då Gud det gode såd  
til groren ein gong er mogen.



## Tusen takk til våre støttespelarar

